



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Ørsta kommune.

Søknad om løyve til å byggje Nøvedalselva kraftverk.

Fråsegn til søknad om konsesjon.

Bakgrunn

Fylkesmannen viser til brev av 07.06.2018 der vi blir bedt om å kome med fråsegn til søknad om bygging av Nøvedalselva kraftverk.

Bakgrunn

- Nøvedalselva kraftverk vil utnytte fallet i Nøvedalselva frå kotehøgde 375 ned til eit kraftverk på kote 60.
- Maksimal slukeevne er på 1700 l/s. Dette er ca. 246 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 690 l/s. Minimum slukeevne er på 80 l/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 30 l/s.
- Det er føresett minstevassføring på 120 l/s 1.mai til 30.september og 20 l/s resten av året.
- Vassvegen blir om lag 1050 m og utførast som nedgrave røyrgate og mikrotunnel.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 40 m. Til inntaket blir det bygt ein midlertidig veg på ca. 700 m. Denne skal tilbakeførast med stadeigen masse etter bygging.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 12 GWh med installert effekt på 4,5 MW.

Merknader

Biologisk mangfald

Utgreiinga har følgd NVE-mal for biologisk mangfald kartlegging og det er lagt ved liste over registrerte artar. Synfaringsruta er vist på kart. Austsida av vassdraget er synfart, i tillegg til røyrtrasé. Vi kunne ha ønska at også vestsida av elva vart synfart. I utgangspunktet ser det ut til at den naturfaglege dokumentasjonen når det gjeld naturtypar, flora og fauna (på land) er tilstrekkeleg til å tilfredsstille kravet til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Vi legg likevel merke til at det i øvre del av utbyggingsstrekninga er registrert intermediære fosseberg (raudlista i kategori NT) og moserike utformingar av fosse-

enger. (Det vart funne ei raudlista mose i kategori NT). Det går fram av rapporten at sjølv om desse er små bidrar dei samla sett til stor variasjon av habitat langs elva. Desse husar mange artar og kan også huse sjeldne og sårbare karplantar, mosar og lav *som enno ikkje er avdekka*. Dette gir derfor ein viss usikkerheit om kunnskapsgrunnlaget. I so måte må ein vurdere utbygginga i forhold til § 8 og § 9 i naturmangfaldlova.

Dei ferskvassøkologiske tilhøva i sjølve vassdraget og konsekvensane ei utbygging vil ha for desse er i mindre grad undersøkt og omtalt. I BM-rapporten blir dette omtalt: «*Vi anser derfor at datagrunnlaget er tilfredsstillende for våre faglige vurderinger, sett i perspektiv av praksis og krav i utredning av småkraftsaker og aktuelle veiledere (jfr. NVE - Korbøl mfl 2009)*». Fylkesmannen har i tidlegare småkraftsaker påpeikt den uheldige praksisen med manglande undersøkingar i sjølve vassstrengen, men finn ikkje grunn til å ta det opp att her.

Fisk

Ei utbygging vil ikkje få konsekvensar for laks og sjøaure, da naturleg vandringshinder vil vere eit stykke nedanfor kraftverket. Det er lokal bekkeare i vassdraget. Denne vil vere avhengig av tilstrekkeleg minstevassføring.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med eiga behandling etter laks- og innlandsfiskelova.

Landskap, INON og brukarinteresser

I bygda nedanfor vassdraget er det større terrenginngrep i form av fleire massetak.



Parti frå midtre del av utbyggingsstrekninga 27.06.2018. Foto: Lars Kringstad.

Vassdraget er derimot utan større tekniske inngrep og i søknaden blir det storskala landskapet, som Nøvedalselva er ein del av, omtalt som av *nasjonal verdi*, medan elvelandskapet er gitt *middels til stor* opplevingsverdi knytt til urørt elvelandskap. Samla landskapsverdi blir vurdert til *middels til stor* verdi og verknadene ved ei utbygging blir vurdert til *middels til stor* negativ konsekvens for tema landskap.



Øvre del av utbyggingsstrekninga 27.06.2018. Foto Lars Kringstad.

Det meste av vassdraget ligg integrert i eit større naturlandskap utan større fysiske inngrep. Dette store samanhengande inngrepsfrie naturområdet blir vurdert til *stor verdi*. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde - INON (2000) viser at vassdraget ligg innanfor «Andre særleg prioriterte skjermingsområde – område 15 b): Fjellområda rundt indre deler av Hjørundfjorden og Langedalen». Ei utbygging vil redusere både inngrepsfri sone 1 og 2 (1-3 km og 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep). Realisering av vasskraftprosjektet vil altså klart redusere kvaliteten på dette området.

Det går sti opp langs vassdraget til den øvre botn og vidare over Høgreset 776 moh og ned til Bondalen. Storskala landskap og opplevingsrikt elvelandskap gir området *stor verdi* for ferdsel og friluftsliv og ei utbygging vil føre til *middels til stor negativ* konsekvens for brukarinteressene.

Vassdraget har stor inntrykkstyrke sett frå Standaldalen. Øvre del ser ein også frå fjorden. Miljøfaglig Utredning laga i 2012 ei vurdering av samla belastning på fjordlandskapet i Hjørundfjorden i samband med søknad om utbygging av fem småkraftverk i Ørsta kommune. Den stadfestar at Nøvedalselva er mellom dei med høgast inntrykkstyrke. Det er positivt at inntaket vil kome nedanfor den øvste fossen.

Likevel vil ei minstevassføring på 120 l/s gje markert reduksjon i vassføringa og dermed også inntrykkstyrken og opplevinga av fosselandskapet lenger ned. Dette ser ein også av bileta i søknaden av elva under forskjellige vassføringar.

Vi vil også minne om at Regjeringa i august 2018 også har valt ut områda rundt Hjørundfjorden som eit nytt *utvalt kulturlandskap*. Utbyggingsområdet må reknast som del av dette området og nye inngrep i området må vurderast ut frå dette.

Forureining

Det skal borast ein mikrotunnel på delar av røyrtraséen. Dersom det eventuelt blir gitt konsesjon må ein sikre at boreslam ikkje renn ut i vassdraget. I kva grad tiltaket må behandlast etter forureiningslova kjem an på mengdene av utslepp og metoden som blir nytta. Når dette er nærare planlagt kan ein ta kontakt med Fylkesmannen for nærare vurdering.

Vassforskrifta

Nøvedalselva er ikkje skilt ut som eigen vassforekomst, men er i Vann-nett vist som sidebekkefelt til Standalselva v/Store Standal (vassforekomstID 097-107-R). Den er oppgitt med god økologisk tilstand og det er forventa at ein vil nå miljømåla (ingen risiko).

Kraftutbygging vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga må NVE vurdere dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Alternative utbyggingsløyisingar

Det går fram at ein ikkje har funne alternative løysingar. Kva arbeid som er gjort for kome fram til dette er ikkje synleggjort. Vi vil derfor rå til at ein vurderer om det er mogleg med eit mindre prosjekt med eit inntak lenger ned i vassdraget. Dette vil eventuelt kunne bøte på ein del av dei landskapsmessige konsekvensane ved utbygginga.

Samla verknader

Mykje av vassdragsnaturen i Ørsta kommune er/vil bli rørt av vasskraftutbygging. I «nærområdet» til Nøvedalselva er det bygt ut fleire vassdrag. Dette må takast med når ein skal vurdere den totale belastinga på området.

Vi registrerer også at det ved søknad om utbygging av Dalegjerdet og Standal kraftverk nytta grunneigarane den gong som argumentasjon for utbygging og mot krav om minstevassføring at Nøvedalselva ikkje skulle omfattast av utbyggingsplanane (jfr. Ørsta kommune formannskapssak 114/05, 25.10.2005).

Konklusjon

Utbygging av Nøvedalselva vil gje ein årleg produksjon på 12,2 GWh fornybar energi. Dette må vurderast opp mot dei negative konsekvensane ved utbygginga. Vi registrerer at ei utbygging vil ha til dels store negative verknader på ålmenne verdiar som landskap, INON, biologisk mangfald og friluftsliv. Ut frå våre ansvarsområde vil vi derfor ikkje tilrå ei utbygging som omsøkt.

Vi vil vidare rå til at ein vurderer eit noko redusert prosjekt, som i større grad tar omsyn til landskaps- og biologiske verdiar i den øvre del av vassdraget.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi

ØRSTA KOMMUNE	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE